



VINDAFJORD KOMMUNE

RETNINGSLINJER FOR FORSKOTTERING SPELEMIDLAR, datert 24.05.2016, vedtatt i K- sak-035/16.

A. Forskottering spelemidler

1. Vindafjord kommune har oppretta eit bunde driftsfond, som har som formål å forskottere spelemidler til anlegg i kommunen. Kommunen og private aktørar bidrar med midlar til fondet.
2. Kommunen sin del utgjer 10 mill kr, og blir henta frå Raunesfondet. Dette må kome fram i det årlege budsjettvedtaket.
3. Tildeling av forskottering blir delegert til administrasjonen, og DUK får fortløpande orientering om tildelingar og årleg oversikt over tildelingar.
4. Ved innfriing av forskottering, skal midlane førast tilbake til fondet.
5. Ordninga gjeld for ordinære anlegg, rehabilitering av anlegg, nærmiljøanlegg og kulturbygg.
6. Anlegga må vere i samsvar med kommunedelplanen for idrett, friluftsliv og kulturbygg.
7. Alle søknader om spelemidler som er godkjente av Rogaland Fylkeskommune, vil ha rett til forskottering av spelemidler frå fondet.
8. Forskottlingsordninga er søknadspliktig. Det kan søkjast heile året.
9. Utbetaling av forskottering vil finne stad når anlegget er ferdigstilt og godkjent av kommunen. Det skal leverast revisorgodkjent rekneskap.
10. Ved utbetaling av forskottering, skal det utstedast eit gjeldsdokument som sikkerhet for forskotteringa.
11. Mottakar av forskotteringa og eigar av anlegget har ansvar for at spelemiddelsøknad vert oppretthalde ved årleg rullering, inntil tildeling er på plass.
12. Mottakar av forskottering må ikkje vere næringsdrivande. Ved søknad om forskottering skal vedtekter leggjast fram.
13. Rapportering av forskottlingsordninga skal rapporterast til Kommunestyret i sist møte før den årlege budsjetthandsaminga.

B. SØKNAD OM TILSKOT TIL STORE KOSTNADSKREVJANDE ANLEGG – REHABILITERING ANLEGG (t.d. større fotballanlegg, hallar mv)

Vindafjord kommune kan bidra med direkte tilskot. Anlegget må vere viktig for kommunen og ha høg prioritert i Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og kulturbygg

KOMMUNESTYRET avgjer (i eiga sak) om anlegget:

- har prioritet
- størrelsen på tilskot og forskottering av spelemidler.
- Kommunestyret tildeler midlar i årleg budsjett- og økonomiplanvedtak.

C. KOMMUNAL GARANTI

Kommunal garanti må i enkelte tilfelle gjevast til større og kostnadskrevjande anlegg som bygging av: alle typar hallar, alpinanlegg, golfanlegg, motorsportanlegg, kunstisbanar. Dette gjeld når andre enn kommunen og fylkeskommunen bygger anlegg. Garantitid skal vere 20 år. Kommunen gir berre garanti til anlegg som nemnde ovanfor og i tilfelle misleghald.

Idrettsanlegg og kulturbygg skal vere opne for ålmenta og for idrettsleg verksemd, og det er ulovleg å vere underlagt kommersielle interesser.

D. IDRETTSRÅDET

Idrettsrådet i Vindafjord Kommune skal gi uttale om prioritering av søknader som gjeld idretts- og friluftsanlegg før dei går til politisk behandling.